

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1964

Namnet på vatnet Busserub  
Kommune ..... Bjerkum

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## B E R S E V A T N E T

Fiskeanalyesen vart foreteken den 13.aug. 1974.

Vatnet ligg i Bjerkreim kommune, nærmere stadfest sør for Bjerkreim sentrum, og på austsida av E 18 mellom Bjerkreim og Krossmoen.

Arealet er omlag 40 ha og h.o.h. 66 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamtover eit grunt vatn, der største djup neppe er over ca. 20 m.

Stranda består for det meste av stein og fjell med noko sandstrand innimellan.

Gjermebotn dominerer på djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmebras, tjønnaks og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om kulturbeiter og skogsmark. Det veks ein del blandingsskog av furu og bjerk.

Hovudtilsiga fell inn i aust- og séraust. 3 større bekketilsig fell her inn i vatnet.

Avlaupet renn ut i vest og går til Bjerkreimsvassdraget.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 12.0 m og fargen på vatnet blålig-grønn.

Dette tilseier eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pli er målt til 5.7 som er godt brukande for aure.

Innhaldet av kalk ( $\text{CaO}$ ) er 1.3 mg/l og den totale hardheita 3.8 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Leiingsemna  $K_{18} = 36.9 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er normalt ikkje særleg stor.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 4 fjærmygglarver, 2 muslingar og 1 stikkmygglarve - ialt 70 individ pr.  $\text{m}^2$ .

5.0 meteren gav som resultat 6 fjærmygglarver, tilsvarande 60 individ pr.  $\text{m}^2$ .

På 10.0 m vart det funne 9 fjærmygglarver, 1 musling og 1 fåbørstemark eller samla 110 individ pr. m<sup>2</sup>. Samla resultat syner at det er lite med næringsdyr i vatnet. For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøver av 2 fiskar og her vart det funne småfisk (aure), myggpupper, fjærmygg-pupper, fjærmygglarver og luftinnsekter (maur),

#### Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50.0 m, og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som fattige.

#### Fisk m.v.

Fiskeslaga utgjer ferskvassaure og ål. Det er truleg at laks og sjøaure går opp i vatnet, utan at vi fekk noko av desse fiskeslaga under prøgefisket.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 8 aurar. Fordeler vi fiskane på om-fara vil dette sjå slik ut:

Omf. 14.....	0	fiskar
" 18.....	0	"
" 20.....	1	"
" 22.....	1	"
" 24.....	3	"
" 26.....	1	"
" 32.....	2	"

Ein tok prøver av alle fiskane og av desse var 1 rød - resten kvite i fiskekjøttet.

Vidare var der 6 hofiskar og 2 hanfiskar.


5 av fiskane var angripne av parasittar.

Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten av prøgefiskane, vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.6	9.7	14.8	18.2	25.1	34.1	40.5
Årleg lengdetilv. i cm	4.6	5.1	5.1	3.4	6.9	9.0	6.4
Antall fiskar	8	8	8	6	1	1	1

Medel kondisjonsfaktor = 0,86 tilseier fisk av svært mager kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for fisken i Bersevatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Bersevatnet stort sett ein normal lengdetilvekst dei første 3 åra, men etter denne tid går det jamt nedover. Det oppsvinget som kurven gjer det 4. året skuldast berre 1 fisk, som var vesentleg større enn dei andre, og er såleis ikkje representativ for fisken i Bersevatnet. Det er grunn til å tru, at den forlenga lina frå

4 års alder er meir rett og at fisken går mot ei maksimal-lengd på ca. 22 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil det sikkert finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Normalt er det ca 25-30 fiskar som dannar bakgrunn for ein vekst-kurve, så når vi her berre har 8 fiskar er det heile meir usikkert, men ein viss peikepinn vil det gi.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig og overbefolka.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så er desse godt brukande for aure, men botnprøvene og planktonprøvene gav eit magert resultat.

Kondisjonsfaktor og vekstkurve indikerar, at fiskebestandet er altfor stort i høve til det næringsforrådet som vatnet byd på. Vidare var 5 av dei 8 prøvefiskane angripne av parasittar - noko som er vanleg i overbefolka vatn.

Det synes rart, at vi berre fekk 8 fiskar på 7 garn, om vatnet er overbefolka. Grunnen til dette kan vera, at fiskebestandet har stagnert heilt i vekst, slik at alle forsøksgarna var for stormaska. Vidare var det blikkstille og klart vær den natta garna stod ute. Også dette kan verka inn på fangstresultatet.

Fisken våkte over heile vatnet då garna vart sette, det er difor mogeleg at flytegarn ville gitt eit anna resultat enn botngarn. Det er som kjent nedslagsfeltet som spelar ei avgjerande rolle når det gjeld næringsforrådet, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg, og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet, og gi gode vilkår for alger og anna plankton, som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Ser vi på nedslagsfeltet for Bersevatnet, så er ikkje dette så aller verst. Fylgjeleg får vi godt brukbare tilhøve for fiskeproduksjon. Fiskebestandet i Bersevatnet i dag gjev såleis ikkje uttrykk for vatnet si produksjonsemne av matnyttig fisk. Gytetilhøva er gode i fleire av tilsigsbekkene, slik at det årleg vert tilført nye årgangar med yngel og småfisk. Om ikkje denne tilveksten blir hausta, hopar den seg opp, og gjev grunn-

lag for eit småvaksse fiskebestand. Det er dette som er tilfelle i Bersevatnet i dag.

Etter alt å døma vil laks og sjøaure kunna gå opp i Bersevatnet.

#### Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Vidare må ein gå til ei hard utfisking. Det er fleire måtar å gjera dette på, men ved å montere ruser på tilsigsbekkene, skulle ein kunna fanga storparten av gytefisken. Demm opp bekken på begge sider og lei vatnet inni eit laup på ca. 75 cm bredde. Montér rusa på oppsida med kalven ned mot vatnet og såleis at rusa dekkar heile laupet. All gytefisk vil nå måtta gå inn i rusa som må temast eit par gonger kvar veke.

Vidare kan ein kjøpe inn småmaska garn og fiske med desse ved bekkeosane om hausten. Det er utruleg med fisk ein på denne måten kan fanga.

Ved å drive denne utfiskinga i 2-3 år vil mykje ha retta på seg og ein vil kunna sjå korleis fiskekvaliteten endrar seg til det betre.

Laks og sjøaure er ettertrakta fiskeslag, så om grunneigarane er interesserte, bør desse fiskeslaga setjast ut. Etter nokre år vil ein kunna konstantera utfallet.

Vi skal hugse på at laksen og sjøauren skattar næringsforrådet lite, då dei for ein stor del av sitt liv ernærar seg ute i sjøen, og berre kjem tilbake ved gyttetider om hausten.

Ålen er ein godt betalt matfisk og denne bør grunneigarane nyttiggjera seg. Ved å montere ei ålemér på ein høvande stad på utfallsbekken, vil ein kunne fanga utgangsålen. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Når grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort til sportsfiskarar. Rett nok er fiskebestandet for tida ikkje så mykje å trakte etter, men på lengere sikt vil dette kunne bli eit mykje ettertrakta vatn. Det heile er opp til grunneigarane.

Bersevatnet er eit "idyllisk" fiskevatn som ein skal leita lenge for å finna maken til.

Stavanger 12. febr. 1975  
Einar Berg